

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane



Foto: Frank Haugom / Spectacular Norway



Verneområda i Setesdal
Vesthei, Ryfylkeheiane
og Frafjordheiane

Kart og informasjon
Velkomen inn i
nasjonalparkane i Noreg

Velkomen inn i Setesdal Vesthei, Ryfylkehaiane og Frafjordheiane

Bølgande heilandskap med høg himmel og store fjellvatn eller ville dalar med stupbratte kantar og frådande elver. Dette er litt av det du kan finne i Noregs sørlegaste høg fjellsområde mellom Setesdal i aust og Ryfylkefjordane i vest.

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane (SVR) er namna til dei store samanhengande fjellområde som ligg lengst sør i den norske fjellkjeda. Desse heiane rommar store kontrastar. I vest finn du vakre og dramatiske landskap med djupe fjordar og tronge dalføre. I nord ragar fjella høgt og snøen ligg til langt ut på sommaren, men her finn du og flekkar med ei overveldande blomsterprakt. I aust og sør ligg eit vidstrakt og bølgande heilandskap kor det aldri er langt mellom idylliske vatn og vassdrag.

Til saman 3000 villrein streifar gjennom verneområda, alltid på vandring for å finne dei beste beiteområde gjennom året. Eller finne den beste kalvingsplassen om våren.

Trekkvegane mellom områda er ofte dei same i dag som for tusenvis av år sidan. Fangstbuplassar frå steinalder, dyregreaver, bogestiller og bortskotne jernpiler ved desse villreintrekka, vitnar om ein art som har vore viktig for oss menneskje så lenge vi har budd i landet. I dag er denne villreinstamma, som er Europas sørlegaste, sterkt påverka av store naturinngrep og forstyrringar frå menneskje. Om du skulle møte på villrein, så nyt synet på avstand slik at dyra kan få beite i fred og ro.

At det finns til saman 17 store og små verneområde i desse fjellområda, seier mykje om kor verdifulle dei er. Vernet sikrar og at kommande generasjonar kan få gode naturopplevingar i desse heiane. Sjå www.svr.no for meir informasjon.



Måna fossen.



Villrein på vinterbeite.

Opplevingar

Anten du ønskjer å utfordre høgdeskrekken, jakte på storfisken eller søker ei god turoppleving, så vil du finne det du leiter etter i desse fjellområda.

Frå hytte til hytte

Stavanger turistforening og DNT Sør har eit godt utbygd hytte- og løypenett i heile området. Her ligg alt til rette for både krevjande og koselege turar, sommar som vinter. Du bestemmer. Sjå *ut.no* for inspirasjon og turtips.

Jakt og fiske

Det er mange vatn i desse fjella. Dei fleste har fisk, og nokre av dei har verkeleg stor fisk. Småviltjakta i desse heiane har lange tradisjonar, og særleg rjupejakta bør prøvast. Statskog, fjellstyra og mange private leiger ut hytter og sel jakt- og fiskekort gjennom *inatur.no*

Kjeragbolten

Å stige ut på Kjeragbolten er noko av det mest nervepirrande du kan gjere i norske fjell. Under deg er det 900 meter ned til Lysefjorden, og der står du på ein stein som har kila seg fast mellom to fjellsider. Du treng likevel ikkje gå ut på bolten for å ha ein fantastisk tur til Kjerag. Utsikta på turen er overveldande og stien opp er godt lagt til rette.

Månafossen og Mån

Sørvest-Norges høgaste fossefall er alltid eit flott syn. Om du går i eit kvarters tid opp stien frå parkeringsplassen ved Eikeskog, står du ansikt til ansikt med den 90 meter høge fossen. Orkar du ein halvtimes tur til, opnar plutseleg landskapet seg. Da står du på tunet til friluftsgarden Mån. Her er det varmestue og moglegheit for overnatting.

Natursti

Frå rasteplassen ved Håhellervatnet langs Brokke-Suleskardvegen går det ein 1,5 kilometer lang natursti opp til eit utkikkspunkt. Her har du utsikt over områda kring Roskreppfjorden. Naturstien er godt merka og tilrettelagt, og undervegs får du informasjon om naturen og kulturhistoria i område. Vil du teste egne kunnskapar eller lære meir om villrein, kan du prøve *www.villreinsertifikatet.no*.

Hovdenuten

Ein kort spasertur frå Hovden sentrum startar den godt tilrettelagte stien til Hovdenuten (1119 m.o.h.). Her oppe er det vid utsikt til landskapet og dei mange verneområda rundt Hovden. Er du heldig kan du få sjå villrein gjennom kikkerten.



Foto: Frank Haugom / Spectacular Norway

Ved Rosskreppfjorden i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.



Foto: Jørn Haug

Ved Håhellervatnet.

Fakta & informasjon

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane vart oppretta mellom 1986 og 2019, og strekk seg over 3500 km².



Kvar ligg verneområda?

Suldal, Hjelmeland, Sandnes og Gjesdal i Rogaland fylke, og Bykle, Valle, Bygland, Sirdal, Åseral, Kvinesdal og Hægebostad i Agder fylke



Korleis kjem eg meg dit?

Buss: Haukeliekspressen Oslo-Haukeli/Haukeliseter, Setesdalekspressen Kristiansand-Haukeli, Sand-Nesflaten-Røldal, Stavanger-Kjerag.
Båt: Stavanger-Lysebotn, Stavanger-Hjelmeland/Sand



Nasjonal turistveg

Rv 13 Ryfylkevegen

Utstillingar

Sentrumsbygget på Nesflaten i Suldal
Kvæven bygdemuseum i Sirdal
Setesdalsmuseet i Valle
Minne kulturhus i Åseral
Friluftsgården Mån i Gjesdal



Turistinformasjon

Visit Ryfylke
Visit Setesdal
Visit Sørlandet

Forvaltning og oppsyn

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
www.svr.no
Statens naturoppsyn
www.naturoppsyn.no



MILJØ-
DIREKTORATET

Dyreliv og planter

Desse områda er Fjell-Noreg sin sørlegaste utstikkar, og samstundes ein møtestad mellom austlege og vestlege artar. Dette skapar eit stort mangfald. At reinsdyra kan stå ute på stupkanten og sjå ned på selen som solar seg i fjøresteineane, seiar litt om spennvidda i dyrelivet i desse fjellområda.

Planteliv

Knappt nokon stad kan du finne slike kontrastar i plantelivet. Store område dominerast av glattskura fjell nesten utan eit grasstrå, men plutselig stig du inn i grøne og frodige oasar med alle slags blomar. Særleg i nord kor ein har den næringsrike bergarten fyllitt, inneheld desse høgfjellsoasane ei overveldande blomsterprakt. Her finn du og mange sjeldne plantar, som til dømes bergjunker og skredarve, som du knapt finn andre stader i landet. Her veks og norsk malurt, som på grunn av sin sterke smak har blitt brukt i folkemedisinen mot fordøyelsesproblem og som smaksstoff i det berykta brennevinet absint. Søterot veks det mykje av i Bykle. På tross av namnet har den ein forferdeleg sterk og beisk smak. Ettersom «vondt skulle vondt fordrive», vart denne bruk mot alle slags plager i folkemedisinen.

Dyreliv

Villreinstamma, som er Noregs og Europas sørlegaste, er eit av kjenneteikna til dette område. Mange av verneområda er og oppretta for å ta vare på leveområda til villreinen. Om vinteren kan jerven følge etter villreinflokkane på jakt etter sjuke og skada dyr, mens raudrev og den sjeldne fjellreven kan få seg eit godt måltid om jerven har vore heldig med jakta. Med ujamne mellomrom fløymer desse fjellområda over med lemen og andre smågnagarar. Da har alle rovdyr og rovfuglar gode dagar og før opp store ungekull.

Fuglar i fjellet

Høgt mot himmelen seglar den majestetiske kongeørna med eit blikk som får med seg alt, mens jaktfalken stupar i vill fart mellom knausane på jakt etter rjupe. I år med mykje smågnagarar er og tårnfalk, fjellvåk og jordugle eit vanleg syn.

I lyng og knausar kaklar rjupe og i fjellbjørkeskogen er lufta fylt med fuglesong. Vandrar du i desse heiane om sommaren er heilo, steinskvett og snøspurv dine trufaste følgesvenar.



Foto: Frank Haugthom / Spectacular Norway

Molteblomst.



Foto: Ragnar Djuv

Villreinbukkar om seinhausten.



Foto: Jan E. Gunnarsen

Jordugle.



Foto: Vidar Lunde / SuldalFoto.no

Rødstilk.



Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Bergjunker i Dyrhaeio landskaps-
vernområde.

Historie og kultur

Desse fjellområda har alltid vore viktig for menneskja som har budd i nærleiken. Bruken har sett spor etter seg både som handfaste kulturminne og mange historier og segn om dramatiske hendingar. Den dag i dag brukast heiane framleis til husdyrbeite, jakt og fiske.

Stølslandskap

I nesten alle dalføra som strekk seg innover fjellet frå dalføra og fjordane rundt, finn du idylliske fjellgardar og stølar. Her står det verbitte små hus på grøne grasflekke som ein kontrast til naturen i dei ville fjelldalane. Livet til dei som budde her var nok ikkje berre idyll, og husa er ei viktig påminning frå ei ikkje alt for fjern fortid.

Gamle ferdselsvegane

Mellom Setesdal og fjordane i Ryfylke går det mange gamle ferdselsvegane. Desse vegane er minne frå ei tid da vegen over fjellet var den raskaste anten du skulle besøke slektningar, var på handelsreise eller skulle levere skatten i form av skinn. I dag kan desse vegane ennå følgjast om du leiter godt etter små, mosegrodde vardar som viser vegen gjennom stein og ur og førar deg til dei beste vadeplassane over bekkar og elver.

Brudle

Unikt for desse fjellområda er den gamle skikken med å legge brudle. Eit brudle er ei rekke med tunge steinar som vart lagt ned, når eit brudefølge kryssa fjellet på veg til bryllaupet i kyrkja. Det vart lagt ned ein stein for kvart medlem i brudefølget. Denne skikken er gamal, og det vart lagt ned brudle heilt fram til starten av 1900-talet.

Heibergheiane

På starten av 1900-talet kjøpte forretningsmannen Torvald Heiberg opp store fjellområde i Agder og Rogaland. Han dreiv ein hard kamp mot rovdyr og bygde mange hytter av høg standard langt inne i fjellet, der han leigde ut eksklusiv reinsdyrjakt til Europas overklasse. Heiberg selde eigedommen til staten i 1943. Den drivast nå av Statskog. Mange av Heiberg sine hytter står ennå i fjellet. Vil du vite meir om denne historia kan du besøke Stavanger turistforening si hytte Storevatn eller Sirdal fjellmuseum på Kvæven.

Velkommen inn, ta vare på naturen

Velkommen på tur i verneområda! Det er mange som brukar desse fjella frå før, men det er plass til fleire om vi tek omsyn til folk, husdyr og naturen rundt oss. Verneområda inneheld noko unikt og verdifullt i norsk natur. Dei må derfor takast godt vare på slik at naturmangfaldet bevarast og stadig nye menneskje har ein stad dei kan finne ro og gode turopplevingar.

Allemannsretten. Om du følgjer merka sti og kvista løype kan du gå der du vil i verneområda. Om du søker utanfor løypene kan du og gå fritt, men ikkje i villreinen sine trekk- og kalvingsområde i april/mai. Telt kan du slå opp der du vil så lenge du er meir enn 150 meter frå hytter og hus. I verneområda kan du plukke bær og sopp til eige bruk. Pliktene dine er eigentleg berre å vise omsyn til plante- og dyrelivet, og særleg da i hekke- og yngletida om våren og forsummaren.

Kulturminne som tufter og dyregraver er freda, så ikkje flytt på stein frå desse gamle murane.

Søppel. Hugs å rydde opp etter deg og ta med deg all søpla heim.

Bål kan du normalt tenne mellom 15. september og 15. april, så sant det ikkje er så tørt at det er innført lokale forbod. Om det heilt sikkert ikkje er fare for brann, så kan du og tenne bål om sommaren. Vis omsyn til naturen når du sankar ved.

Jakt og fiske. I verneområda kan du jakte og fiske dersom du har jakt-/fiskekort.

Hundar er og velkomne med på tur, men alle hundar må være i band mellom 1. april og 20. august. Det er svært viktig at du som hundeeigar tek omsyn til vilt, beitedyr og andre menneskje heile året. Vær merksam på at det kan være ekstraordinær bandtvang i nokre kommunar. Ofte fram til 1. november.

Klede og utstyr. Været i fjellet kan skifte brått både sommar og vinter. Sjølv i juli kan eine dagen være varm og strålande, mens det er skodde og nysnø den neste.

Du må sjølv vurdere være og føre, din eigen form og erfaring og ta med deg rett klede og utstyr. Nokre dagar er og forhalda slik at det er best å halde seg heime. Å bli med ein fjellfører på tur kan gje tryggleik og gode opplevingar om du er usikker på om du vil ta turen aleine.

Uansett så er god planlegging viktig for turopplevinga.



Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Kartinformasjon

Startpunkt

Eikeskog

Dette er startpunktet for turen til Månafossen og friluftsgarden Mån. Eikeskog er innfallsporten til turistforeininga løypenett i Frafjordheiane gjennom den idylliske Fidjadal.

Startpunkt

Nesflaten

Her finn du ei lita utstilling om verneområda, og vegar vidare til startpunktka ved Sandvatn, Bleskestad og Mostøl. Frå desse kan turen gå vidare inn i fjellet etter turistforeiningas løypenett.

Startpunkt

Hjelmeland

Frå startpunktka ved Kleivaland og Fundingsland kan du ta turen inn i verneområda på merka løype. Frå Kleivaland er det ein kort tur inn til meteorittkrateret. Fundingsland er eit perfekt utgangspunkt for ein dagstur til Trollgarden.

Startpunkt

Håhellervatnet

Her har du mulighet til å strekke litt på beina i frå bilturen. Ta deg tid til å oppleve den godt tilrettelagte naturstien i høgheia. Ved utsiktspunktet ventar ein villreinbukk på deg.

Startpunkt

Knaben

Dette er ein fint utgangspunkt for både korte og lange turar på merka løyper. Område ved Knaben ser særleg rikt på minnermerke frå gruehistoria og krigshistoria.



Parkering



Bussknutepunkt



Informasjon



Severdigheit



Båtforbindelse



Overnatting



Turisthytte betjent



Tilrettelagt camping



Serveringssted



Enkel servering



Tursti



Utkikkspunkt



Sommerstier



Nasjonale turistveier



Nasjonale turiststier



Historiske vandruter



Ferdselsbegrensning i perioden 15. april til 20. mai



Ferdselsbegrensning i perioden 25. april til 31. mai

